ÅRSMELDING

IL JOTUN ALLIDRETT

for perioden
1. januar 2017 til 31. desember 2017

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308

1.Styret sin samansetning

- Leiar: Silje Renate Sylvarnes
- Økonomi: Stine Moen Bakken
- Øvrige styrerepresentantar: Grethe Haglund, Marita Midtun, Stine Moen Bakken, Lisell Måren, Stine Sørli og Inger Kristin Sperle. Dei tre sistnemnde kom inn i styret i haust.

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Det er ingen spesielle utval/komitear i allidretten.

3. Møter

- Tal på styremøte i gruppa: 4

4. Saker

- Me jobbar heile tida for at ungane skal ha eit godt og variert tilbod.
  I haust har turngruppa delt ungane inn i grupper der éin forelder har hatt ansvar for å føgje si gruppe rundt på dei ulike aktivitetane. Dette har fungert særs godt

  Elles er det som vanleg arbeid med å lage planar for haust og vår og å lage dugnadslister. Me sørger for at det alltid er vaksne som har ansvar for øktene.
  Me har valgt å halde fram med sms varsling til dei som har dugnad komande veke. På denne måten sikrar me at det vert nok vaksne som stiller opp.

  Me har framleis avtale ståande angåande badevaktene. Foreldre stiller opp og deler ut nøklar, ryddar symjehall og sløkkjer lysa. Da er badevaktene kun badevakter og har full kontroll.

  Me har godt samarbeid med særgruppene som tilbyr aktivitetar for ungane: turngruppa, friidrettsgruppa, skigruppa, symjegruppa. I haust har me fokusert på at aktivitetane me tilbyr helst skal vere knytt opp til dei ulike særgruppene i idrettslaget.

5. Medlemstal

- Frå 2-5 år er medlemstalet ca 74 ungar. Det er det same talet som i fjor.
- Frå 6-10 år er medlemstalet 114 ungar . Det er omtrent likt med i fjor.

6. Utdanning

I år har me ikkje gitt støtte til utdanning. Det har heller ikkje vore nokre førespurnader om det.

7. Særforbund

- Allidretten er ikkje knytt til eit bestemt særforbund

8. Konkurransar –Stemner – Turneringar

- 2. 3. og 4. klasse har delteke på minihandballturneringar i 2017. Hausten 2017 har 1. klasse delteke óg.
- Friidretten hadde friidrettens dag i mai, der øvingane var lengde, 60 m og liten ball.

9. Økonomi

- Sjå vedlegg

10. Anlegg & Utstyr

- Det er særgruppene som organiserer aktivitetane, så me nyttar deira utstyr.

11. Oppgåver i året som kjem

- Arbeide for at ungane framleis får eit godt og variert tilbod gjennom allidretten

12. Eksterne verv – representasjon

- Gruppa har ingen eksterne verv